

# **Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid**

## **Felles skatteoppkrevjarkontor**

Denne avtalen er en endring av avtalen om felles skatteoppkrevjarkontor. Når denne avtalen trer i kraft erstatter den «Avtale om felleskontor for skatteinnkrevjing og kommunal innkrevjing mellom Radøy, Meland, Osterøy, Modalen og Lindås» datert 27.08.2009.

### **1. Samarbeidskommunar og vertskommune**

Avtalen gjeld mellom Alver kommune, Osterøy kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune.

Alver kommune er vertskommune. Vertskommunen har driftsansvaret for felles skatteoppkrevjarkontor, og ivaretar arbeidsgivaransvaret for alle tilsette.

### **2. Rettslig grunnlag**

Samarbeidet om felles skatteoppkrevjarkontor er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter lov 22. juni 2018 nr 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 20-2.

### **3. Namn, formål og oppgåver**

Felles skatteoppkrevjarkontor skal ha namnet: Nordhordland kemnerkontor.

Felles skatteoppkrevjarkontor skal ivareta dei arbeidsoppgåvene som er pålagt den kommunale skatteoppkrevjaren i lov 17. juni 2005 nr 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven) og i forskrifter, instruksjer og retningslinjer fastsatt med hjemmel i loven, mellom anna skatteoppkreverinstruksen.

Felles skatteoppkrevjarkontor skal i tillegg ha einerett til følgjande oppgåver:

-innkrevjing av kommunale krav med legalpant i fast eigedom og som kan innkrevjast etter skattebetalingslovens reglar.

-innkrevjing ved eigeninkasso av alle øvrige forfalte kommunale krav, slik som barnehage og SFO betaling.

### **4. Avtaletid og avtaleendring**

Denne avtalen gjelder frå 01.01.2020.

Mindre endringar i avtalen kan forhandlast og vedtakast av kommunedirektørane i samarbeidskommunane. Prinsipielle endringar skal vedtakast av kommunestyra.

### **5. Delegering av mynde**

Føresetnad for denne avtalen er at kommunestyret i samarbeidskommunane gjev kommunedirektøren i eigen kommune instruks om delegering av eigen mynde jamfør kommuneloven § 20-2, 2. ledd.

## **6. Sal av tenester**

Felles skatteoppkrevjarkontor vil ha høve til å selje tenester til kommunar utanfor samarbeidet om ynskeleg og om kapasitetmessig mogleleg frå kemnerkontoret. Pris for sal av tenester må reflektere reelle kostnader og ein innlagt sikkerhetsmargin for å dekkje eventuelle indirekte kostnader.

## **7. Økonomiske tilhøve**

Felles skatteoppkrevjarkontor skal ha eige budsjett og rekneskap. Budsjettet skal godkjennast av kommunedirektørane i alle deltakerkommunane.

Kostnadsfordelinga skal skje etter ein modell med fast årleg deltakaravgift på kr 120 000 per kommune. Beløpet blir å regulere ein gang per år etter konsumprisindeksen – med verknad frå den månad samarbeidsavtalen gjeld frå.

Gebyrinntekter og inntekter fra sal av tenester, som arbeidsgiverkontroll, skal føres i rekneskapet til felles skatteoppkrevjarkontor.

Gebyr og inkassosalær knyttet til eigeninkassovirksomheten skal utelukkende gå til dekning av kostnader forbundet med dette.

Netto utgifter, etter gebyrinntekter og inntekter etter sal av tenester, skal deles mellom kommunane forholdsmessig etter innbyggertallet.

## **8. Rapportering**

Kommunedirektøren i Alver skal årleg rapportere til kommunedirektørane i alle deltakarkommunane. Kommunedirektøren i Alver skal informere kommunedirektørane i deltakarkommunane om naudsynte saker.

## **9. Opptak av nye deltakarkommunar i samarbeidet**

Etter søknad kan andre kommunar søke deltaking i det interkommunale vertskommunesamarbeidet. Alle deltakande kommunar må vere einige om opptak av nye deltakarar.

## **10. Oppløsning og uttreden**

Hvis deltakarane er samde om det, kan vertskommunesamarbeidet oppløses med øyeblikkelig virkning.

Den enkelte deltakar kan med ett års varsel si opp avtalen om felles skatteoppkrevjarkontor.

## **11. Andre forhold**

Vesentlige avvik i forhold til vilkår som er sett i samarbeidsavtalen blir å orientere samarbeidskommunane om snarast.

Denne avtal er godkjent med kommunestyrevedtak i dei einskilde deltakarkommunar.